

Saksbehandlar: Idar Sagen
Avdeling: Plan- og samfunnsavdelinga
Sak nr.: 13/4842-2

Høyringsuttale til søknad om løyve for bygging av Ofta kraftverk i Lærdal kommune

⋮ Sett inn innstillingen under denne linja ↓

Fylkesrådmannen rår fylkesutvalet til å gjere slikt vedtak:

1. Sogn og Fjordane fylkeskommune vurderer fordelane ved Ofta kraftverk til å vere større enn ulempene for allmenne og private interesser, og rår til at konsesjon vert gitt. Det vert vist til merknader frå Lærdal kommune.

⋮ Sett inn innstillingen over denne linja ↑

... Sett inn saksutredningen under denne linja ↓

Vedlegg:

1. Brev frå NVE 01.07.2013.
2. Uttale frå Lærdal kommune, formannskapet 01.10.2013. **kommunestyret 17.10.2013.**

Andre dokument som ikkje ligg ved:

1. Konsesjonssøknad, juni 2013. (a-sak 13/4842 dok. nr. 1)
2. Sogn og Fjordane Turlag, brev til NVE 10.09.2013 (a-sak 13/4842 dok. nr. 3)

SAKSFRAMSTILLING

1. Samandrag

Frå NVE har fylkeskommunen fått oversendt til uttale søknad om bygging av Ofta kraftverk i Lærdal kommune. Tiltakshavar er Ofta kraft AS som er eit selskap i Norsk kraft AS gruppa. Dette er eit finanshus med utgangspunkt i vasskraft. Norsk Kraft AS og grunneigarane har inngått ein avtale om å samarbeide om utbygging og drift av Ofta kraftverk.

Lærdal kommune er positiv til utbygginga og meiner at søkjaren må vurdere fare for flaumskred i elva, at masseplassering må avklarast med kommunen, at det bør vurderast auka minstevassføring, at inngrepet vert gjort så skånsamt som mogleg for natur, miljø, kulturminne og friluftsliv og at det vert tilstelt og planta til i området etter anleggsperioden. ferdig.

Sogn og Fjordane Turlag går i mot utbygging i dette attraktive og mykje brukte friluftsområdet.

Fylkesrådmannen vurderer fordelane ved Ofta kraftverk til å vere større enn ulempene for allmenne og private interesser, og rår til at konsesjon vert gitt. Det vert vist til merknader frå Lærdal kommune.

2. Bakgrunn

Samla plan for vassdrag

Ofta er vurdert for utbygging i Samla plan. Prosjektet som det no vert søkt om, er mindre omfattande enn prosjektet i Samla plan.

Nasjonale laksevassdrag.

Lærdalselva er eit nasjonalt laksevassdrag. Ofta er ei sideelv til Lærdalselva. I den nedre delen av prosjekstrekninga er det muleg for anadrom fisk å gå opp for å gyte.

Regionale planar

Regional plan med tema knytt til vasskraftutbygging vart vedteken i fylkestinget i des. 2012. Planen gjeld generelt i høve til vasskraftutbygging, men er spesielt innretta i høve til småkraftverk med installasjon frå 1 MW og oppover til 10 MW. I planen er det definert og markert fjordlandskap i heile fylket - fjordar og innsjøar over 7 km². Fjordlandskapet dekkjer deler av det aktuelle tiltaksområdet. I delområdet Lærdal og Aurland er det markert 18 fossar/stryk som er eller har vore viktige landskapselement. Elva Ofta med Brufossen er ikkje mellom desse. I planen er det retningslinjer for korleis arealinteresser skal handterast i høve til vasskraftutbygging. Det er m.a. retningslinjer for fossar som er viktige landskapelement i fjordlandskap. Det er ikkje gitt retningslinjer for fjordlandskap åleine.

I «Fylkesdelplan for arealbruk» frå 2000 er tiltaksområdet ikkje avsett til spesielle formål.

Kommunedelplan for små kraftverk i Lærdal

I denne planen er det omtalt eit litt større prosjekt i elva Ofta enn det som no er omsøkt. I planen er dei ulike prosjekta sorterte etter konfliktgrad. Prosjektet i Ofta har fått konfliktgrad gul:

Vassdrag/prosjekt med middels konfliktnivå. Desse vassdraga/prosjekta kan ha nokre sterke interesser som det må takast omsyn til. Utbyggingsprosjekt må ta omsyn til dei allmenne interessene og tilpassast med avbøtande tiltak.

Vassforskrifta

Vassdraget ligg i Indre Sogn vassområde i vassregion Sogn og Fjordane. Planprogrammet for området er godkjent og omtalar arbeidet og planprosessen fram mot godkjent forvaltningsplan for vassregionen i 2015. Gjennomføring av forvaltningsplanen skal skje i perioden 2016 – 2021.

3. Tiltaksområdet og det planlagde tiltaket

Elva Ofta renn ut i Lærdalselva like ovanfor Lærdal sjukehus. Det går veg eit lite stykke nederst langs elva og sti vidare oppover lia på sørsida av elva forbi det planlagde inntaket. I søknaden er tiltaksområdet omtalt slik:

.... Ofta renner i gjelet Mjoldagjeli og er lite tilgjengelig, både visuelt og reelt. Det er svært bratt i gjelet, med mye bart fjell og stup ned mot elva. Øvre del av elva er synlig ovenfor Brufossen og ved brua over elva til Oftedalen.

Juvel er et markert landskapstrekk i nedre del, mens elva er av underordnet karakter. Juvel oppleves som en del av hoveddalføret. I øvre del åpner dalen seg opp mot høyfjellet. Her blir elva en del av landskapsopplevelsen. Flere støler i fjellområdet gjør elva til en naturlig og tydelig del av kulturlandskapet.

I nedre del av dalen dominerer juvel. Bortsett fra Brufossen er øvre del mindre dramatisk.

Brufossen er ikke synlig fra stien på østsiden av elva, men fossen kan høres godt fra stien.

Brufossen har en egenverdi som landskapselement selv om den er lite synlig i det landskapet folk ferdes.


Inntaket til vassforsyninga i Lærdal ligg like ved den planlagde kraftstasjonen.

Hovuddata for tiltaket:

Tilsig	
Nedbørsfelt, km ²	16,9
Middelvassføring ved inntaket m ³ /sek	0,63
Alminneleg lågvassføring ved inntaket, l/sek	40
Fem-persentil* sommar (mai-sept.), liter/sek	130
Fem-persentil* vinter, liter/sek	30
Kraftverk	

Inntak, moh	650
Turbinsenter/avløp, moh	70
Brutto fallhøgde, meter	580
Slukeevne, maks, m ³ /sek	1,89
Slukeevne, min, m ³ /sek	0,09
Installert effekt, maks, MW	9,4
Minstevassføring frå inntaket, sommar/vinter i liter/sek.	130/30
Brukstid, timar	2200
Magasin	
HRV og LRV	-
Produksjon	
Årleg middel	20,3
Økonomi	
Utbyggingskostnad	88
Utbyggingspris	4,3

* Den vassføringa som blir underskriden 5 % av tida.



Kartet viser inntak i elva, vassveg i tunnel og plassering av kraftstasjon, blå farge. Kabeltrase er vist med fiolett farge. Massedeponi/heving av dyrka mark er vist med fiolett farge.

Dam og inntak er planlagt ved kote 645 ca. 80 meter nedanfor ei gangbru. Inntaksdammen er planlagt i betong, ca. 5 meter høg og 20 meter brei. Neddemt areal blir ca. 300 m². Det skal ikkje byggast veg til inntaket. Det er planlagt eit riggområde på ca. 200 m² med helikopterlandingsplass like ved gangbrua. Vassvegen er planlagt som bora sjakt (530 meter), råsprengt tunnel (840 meter) og rør i tunnel (670 meter). Om lag 40 000 m³ steinmasse frå tunnelarbeidet er tenkt brukt til m.a. vegbygging og heving av dyrka mark langs Lærdalelva. Kraftstasjon med grunnflate ca. 80 m² er planlagt på kote 70 på sørsida av elva like ved vassverket. Frå avløpet skal det gå vatn i rør til vassverket. Det er planlagt støydemping med vasslås. Det må byggast veg (ca. 200 m) og bru fram til kraftstasjonen og tunnelpåhogget. Krafta er planlagt transportert ut via ein ca. 400 meter lang 22 kV jordkabel til eksisterande kraftlinje ved Oftepollen. Det nye kraftverket må bidra til opprusting av distribusjonsnettet mellom Ofta og Lærdal sekundærstasjon.



Visualisering av kraftsjonbygning midt i bildet. (Vassføringa i elva er før utbygging).

Det er vurdert (men ikkje omsøkt) utbyggingløyseringar der også vatn frå Blikdsalelvi er inkludert. Disse løysingane ville ha gitt vesentleg mindre vassføring i Ofta ned gjennom dalen.

4. Verknader for miljø, naturressursar og samfunn (frå søknaden)

Hydrologi

Det er planlagt å sleppe minstevassføring lik 5-persentilen heile året. Gjennomsnittleg restvassføring for strekninga mellom inntaket og samløpet med Blikdsalelvi vil bli ca. 25% av opprinneleg vassføring. Mykje av vatnet vil komme i flaumperiodar. Rett oppstrøms kraftverket vil ca. 53% av vatnet på årsbasis framleis gå i elva.

Ras, flaum og erosjon.

Konsekvensane er venta å bli små til ubetydelege.

Vasstemperatur, isforhold, lokalklima og grunnvatn.

Konsekvensane er venta å bli ubetydelege.

Terrestrisk miljø, konsekvensvurdering, sitat:

Vannføringen vil bli mest redusert i fossesprøytsjonen nedenfor Brufossen. Her vil lokaliteten sannsynligvis påvirkes negativt av dette. I bekkekløfta langs Ofta vil restvannføringen bli høy etter utbygging på grunn av det betydelige restfeltet (Blikdsalelvi). Påvirkningen på vegetasjonen og naturtypen vurderes som liten. Hagemarka ved Ofta vil bli noe påvirket av veg, bru, kraftstasjonsområde og riggområde, men kun i liten grad.

Fugl og pattedyr vil bli ubetydelig påvirket.

Påvirkningen på terrestrisk miljø vurderes som liten til middels negativ. Når verdien er middels til stor blir konsekvensen av tiltaket for terrestrisk miljø liten til middels negativ.

Akvatisk miljø, konsekvensvurdering sitat:

På strekningen i Ofta der det lever fisk, vil vannføringen bli noe redusert store deler av tiden. Det er imidlertid mye vann i Blikdsalelvi, som har samløp med Ofta høyt oppe mot inntaket. Sideelva vil bidra til en betydelig restvannføring i elva. Dette vil redusere konsekvensene for fisk og ferskvannsfauna mye.

Bekkeørret i øvre del vil få et noe redusert leveområde, men det vil imidlertid komme individer ned elva fra vannene over, og bestanden forventes ikke å forsvinne. Anadrom strekning i Ofta vil kunne fungere som gyte- og oppvekstområde for sjørret også etter utbygging. Utløpet fra

kraftstasjonen ligger helt øverst på denne strekningen, og restvannføringen fra Blikdalselvi vil sikre at fisk kan leve også ovenfor utløpet etter en utbygging. Ved utfall i kraftstasjonen vil restvannføringen danne en vannstand i kulpene, og faren for at ungfisk skal strande er svært liten. Det er svært lite sannsynlig at ål skal bli påvirket av en utbygging.

Redusert vannføring vil påvirke ferskvannsfaunaen negativt ned til Brufossen. Det vil kunne skje en forskyvning av artsgrupper, slik at strømkrevende arter fortrenses i enkelte områder, til fordel for mindre strømtolerante arter. Restvannføringen blir høy, og sannsynligvis vil artsdiversiteten opprettholdes som i dag bortsett fra på en kort strekning mellom inntaket og samløpet med Blikdalselva. Minstevannføring vil øke sannsynligheten for at artsdiversiteten opprettholdes.

.....

En samlet vurdering tilsier at det vil bli liten negativ påvirkning på fisk og annen ferskvannsfauna. Når verdien er middels, gir dette liten til middels negativ konsekvens.

Landskap og inngrepsfrie naturområde, konsekvensvurdering, sitat.:

Inntakskonstruksjonen legges i et område som er synlig fra tursti inn mot Støylene og fjellområdet i Oftedalen. Inntakskonstruksjonen og dammen vil danne en liten vannforekomst som strekker seg opp til brua som krysser Ofta. På dammen vil det bli plassert et lite lukehus. Det vil bli etablert en enkel adkomst ned til inntaksdammen for anleggsfase og vedlikehold i driftsfase. Inntaksdam og inntak, samt adkomst vurderes å gi liten til middels påvirkning av landskapet.

.....

Vannføringa i Ofta vil bli redusert, men Blikdalselva vil bidra med en betydelig vannmengde fra samløpet rett nedenfor Brufossen. På kurvene som viser vannføringen før og etter utbygging går det frem at det fortsatt vil bli ei elv med betydelig vannføring etter utbygging. Brufossen vil få sterkt redusert vannføring bortsett fra i snøsmeltingsperioden på vår og forsommer. Fossen vil miste mye av sin verdi etter utbygging, og minstevannføring kan bare til en viss grad avbøte skaden.

.....

Tiltaket vurderes å påvirke landskapet i liten til middels negativ grad. Vannføringsreduksjonen i Brufossen står for det meste av påvirkningen. Når verdien er middels til stor, gir dette en middels negativ konsekvens.



Brufossen og støylene, sett fra Muleskar, rett nord for Moldagjeli. Foto: Harald Hunderi.

Kulturminne og kulturmiljø, konsekvensvurdering, sitat

Ingen kjente kulturminner i området vil bli direkte berørt av omsøkte utbygging. Verken stølene på fjellet eller kulturlandskapet rundt vil bli berørt ettersom inntaket er plassert i god avstand fra

disse. Beitemarka ved tettstedet Ofta vil bli lite berørt ettersom vannveien vil bli nedgravd/i fjell og ikke "forringe" dette området fra dagens bruk. Verdien av fagtemaet i området er vurdert å være liten. Påvirkningen er også liten, noe som gir en ubetydelig til liten negativ konsekvens.

Brukarinteresser, konsekvensvurdering, sitat

Til tross for at området blir benyttet til friluftsliv vil ikke anleggskomponentene i noen særlig grad forringe denne opplevelsen visuelt eller opplevelsesmessig. Dette grunnet at vannveien skal legges i fjell, kraftstasjonen i et allerede bebyggt område og turstien går ikke "gjennom" eller like ved inntaksområdet.

Derimot vil inntaket bli synlig fra en liten del av stien, og det vil bli mindre fossebrus fra elva enn i dagens situasjon. Opplevelsesverdien knyttet til fossene på prosjektstrekningen vil bli betydelig redusert. Samtidig er de fossene som blir berørt svært lite synlig fra de tilgjengelige områdene. Det er som nemnt Blikdalselvi, som ikke blir berørt av utbyggingen, som er mest synlig i forhold til turstien.

I nedre del av vannveitraseen og tunnelpåhugg til kraftstasjonen vil disse bli synlig i landskapet i mange år etter utbygging, men det er lite friluftaktivitet i dette området, og lav konfliktgrad. Vannføringsreduksjonen vil oppfattes som negativ når det slippes kun minstevannføring, men dette gjelder i hovedsak dersom noen beveger seg ned mot elva. Elva oppstrøms kraftstasjonen vil bli mindre egnet til fiske, siden vannstanden i kulpene vil bli mindre enn i dag og mindre egnet som levested for fisk.

.....

Tiltaket har liten negativ påvirkning på friluftslivet. Når friluftslivsverdien i området er middels, gir dette liten til middels negativ konsekvens for friluftslivet.

Samfunnsmessige verknader, sitat

Bygging av Ofta kraftverk vil gi en naturressursskatt til Lærdal kommune på kr. 220.000,- pr. år og til Sogn og Fjordane fylkeskommune på kr. 40.000,- pr. år.

I Lærdal kommune er det eiendomsskatt på verk og bruk, og dette vil gjelde Ofta kraftverk.

Estimert årlig eiendomsskatt vil være ca. 620 000 pr. år til Lærdal kommune.

I anleggsperioden forventes en utbygging å gi en midlertidig sysselsettingseffekt og inntekt i form av salg av varer og tjenester i kommunen.

For grunneierne betyr en utbygging ekstra inntekter, som også vil generere skatt til kommunen.

Samla påvirkning, landskap, sitat.

Det er søkt konsesjon for bygging av kraftverk i både Stødnaelvi og Jutlaelvi. Begge er betydelig mer eksponert enn Ofta, fordi de er synlig fra hoveddalføret. I flere av de andre omsøkte prosjektene er det store fall og fosser som planlegges utbyggt. Dette betyr at det i en radius på ca. 15 km fra Ofta er planlagt å redusere vannføringen i mange fosser, og at dersom alle prosjekter får konsesjon vil bli en samlet belastning på landskapet.

I indre Sogn er den mange større og mindre fosser. I noen av dem er det allerede bygd kraftverk, i andre er det planlagt og omsøkt utbygging, mens i de fleste er det aldri aktuelt å bygge kraftverk.

Landskapet vil derfor etter all sannsynlighet ha et betydelig preg av urørt vassdragsnatur selv om flere av de aktuelle prosjektene blir realisert.

Utbygging av Ofta kraftverk vil gi små konsekvenser for landskapet, og vil bidra i svært liten grad til den samlede belastningen ved realisering av småkraftverk i Lærdal.

Avbøtende tiltak, sitat

Det er planlagt slipping av minstevannføring tilsvarende 5 - persentilen for sommer- og vinterperioden. . 1. Årsaken til dette er ønske om å avgi vann til Brufossen, og å sikre en stabil vannføring i Ofta i perioder der Blikdalselvi har svært lave vannføringer. Kostnaden ved en slik minstevannføring er 2,6 GWh/år i form av tapt produksjon sammenliknet med utbygging uten minstevannføring.

Minstevannføringen vil gi en stabil basisvannføring i Ofta, og vil redusere negativ påvirkning på terrestrisk miljø i fossesprøysonen ved Brufossen i en viss grad. Minstevannføringen er liten sammenliknet med normalvannføringen, og fossesprøytlokaliteten vil sannsynligvis bli sterkt påvirket på tross av minstevannføringen.

Fra kote 435 kommer Blikdalselvi inn med en betydelig restvannføring, og på strekningen herfra til kraftstasjonen vil dette gi en stabil og varierende restvannføring i elva. Minstevannføringen vil her utgjøre en mindre andel av den totale restvannføringen i elva i normalsituasjoner, men vil bidra til sikker vannføring i tørre perioder.

5. Andre sitt syn på saka

Lærdal kommune, formannskapet 01.10.2013., [kommunestyret 17.10.13.](#)

Kommunestyret stiller seg positive til bygging av kraftverk i Oftaelvi, med følgjande innspel til avbøtande tiltak og tilleggsutgreingar:

- Det må gjerast vurdering av fare for flaumskred i Oftaelvi (av fagkundige)
- Masseplassering må avklarast med kommunen får konsesjon vert gjeve
- Det bør vurderast auka minstevassføring for å vera føre-var negative konsekvensar for fisk og fossesprøytavhengige raudlistartar
- Det må i anleggsfasen leggjast stor vekt på at inngrepet vert gjort så skånsomt som mogleg for natur, miljø, kulturminne og friluftsliv, og at det vert tilstelt og planta til i området etter anleggsperioden er ferdig.

Sogn og Fjordane Turlag, brev til NVE 10.09.2013:

Med føreliggjande opplysningar vil Turlaget gå imot ein utbygging i dette attraktive og mykje brukte friluftsområdet.

6. Fylkesrådmannen si vurdering - fordelar og ulemper - avbøtande tiltak

Fordelane ved tiltaket er først og fremst av økonomisk karakter knytt til ein energiproduksjon på ca. 20 GWh/år. Utbyggingsprisen (4,3 kr/kWh) er godt over middles høg, men det er grunnlag for å vente at kraftverket vil bidra til lokale nærings- og skatteinntekter. Ulempene vil vere knytt til skade og inngrep for m.a. landskap og friluftsliv i samband med bygging av inntaksdam, kraftstasjonsbygning, massedeponi og redusert vassføring i elva Ofta med Brufossen.

Vassforskrifta

Tiltaket bør ikkje svekke den økologiske statusen i vassførekomsten til dårlegare enn god. Dersom tilstanden vert vurdert til dårlegare enn god, må vilkåra i § 12 i vassforskrifta følgjast opp.

Landskap og friluftliv

Utbygginga vil føre til at Brufossen vil få sterkt redusert vassføring bortsett frå i snøsmeltingsperioden om våren og tidleg på sommaren. Fossen vil dermed miste mykje av verdien sin etter utbygging. Slepping av minstevassføring som planlagt vil berre til ei viss grad bøte på skaden. Ulempene for landskap og friluftsliv vil likevel bli små, på grunn av at Brufossen og elva nedanfor er lite synleg frå tilgjengelege område. Frå stien mellom busetnaden nederst og til like før det planlagde inntaket på kote 645 er elva ikkje synleg. Brufossen vil stadvis vere synleg frå andre sida av gjelet, men der er det lite tilgjengeleg og truleg svært lite ferdsel.

Kulturminne og kulturmiljø

Oppstrøms inntaket og like aust for gangbrua over Ofta, er det planlagt eit riggområde og landingsplass for helikopter. På begge sider av brua, finn vi strukturar og spor etter den gamle stølsvegen inn over fjellet. Dersom det skulle bli utbygging, må det ikkje gjerast skade på kulturlandskaps-element som geiler, vegar, steingardar, bakkereiner, bygningar eller andre synelege spor etter tidlegare landbruksaktivitet i planområdet. Gamle ræser og vegar er også kulturminne og viktige element i landskapet. Det planlagde riggområdet må trekkast bort frå stølsråsa.

Tiltakshavar si undersøkingsplikt, jf §§ 9 og 10 i Lov om kulturminne, er ikkje oppfylt. Det er såleis ikkje klart i kva grad kulturminne blir direkte eller indirekte råka av tiltaka i søknaden. Registreringa må gjerast på snø- og telefri mark og tiltakshavar er ansvarleg for å ta skriftleg kontakt med Kulturavdelinga i fylkeskommunen i god tid før registreringa skal gjennomførast. Det må bereknast tilstrekkeleg tid til å følgje opp arbeid, eventuelt etterfølgjande utgraving før utbyggingstiltak i området kan i verksetjast.

Sumverknader

Det er tidlegare søkt om utbygging av Stødna fossen, vest for Ofta. Denne søknaden har fått avslag. Seinare er det søkt om eit mindre prosjekt med inntak under fossen. Dette prosjektet har fått løyve. Det er søkt om utbygging i Jutlaelvi som renn ut i Lærdalelvi ved Bjørkum lenger øst. Søknaden er under handsaming. Med tanke på landskap, kulturminne og friluftsliv vurderer fylkesrådmannen at bygging av Ofta kraftverk ikkje vil ha negative konsekvensar for eit større område.

Samla vurdering

Fylkesrådmannen vurderer fordelane ved Ofta kraftverk til å vere større enn ulempene for allmenne og private interesser og vil rå til at konsesjon vert gitt. Fylkesrådmannen viser elles til merknadene frå Lærdal kommune.

7. Konklusjon/tilråding

Fylkesrådmannen vurderer fordelane ved Ofta kraftverk til å vere større enn ulempene for allmenne og private interesser, og rår til at konsesjon vert gitt. Det vert vist til merknader frå Lærdal kommune.

[... Sett inn saksutredningen over denne linja ↑](#)